

Karten Oma AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/622 - 15/7565

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

16.04.2015

Svar på søknad om endra bruk av eksisterande avkjørsle - gbnr 196/79 - Midtgård

Teknisk drift syner til søknad om endra bruk av eksisterande avkjørsle frå 1 til 2 bueiningar, datert 04.12.2014 og revidert situasjonskart motteke 20.03.2015.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og komme fram til at vi vil gje **førehandstilsegn** på utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå 1 bustadeining til 2 bustadeiningar på følgjande vilkår (tekniske krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius ($r=4m$), drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Det må opparbeidast svingradius i avkjørsla. Svingradius er sett til $r=4m$.
- Avkjørsla skal være som vist på vedlagt situasjonskart datert Teknisk drift, VVA, 23.03.2015.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no (Veglova og forskrift) og www.vegvesen.no (vegnormal N100)
- Avkjørsla skal være utbetra og godkjent av vegmynde før byggeløyve for bustad vert gitt.
- Dette vedtaket er førehandstilseg og ikkje eit løyve. Når avkjørsla er utbetra etter vilkår i dette vedtaket, ta kontakt med sakshandsamer for vide handsaming av søknad.

Det er med heimel i Veglova § 29, §§ 40-43 og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler og andre tiltak langs kommunal veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler. De har ovanfor eventuelle grunneigarar eller brukere av eksisterande driftsavkjørsle.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi gjer merksam på at førehandstilsegnet til utvida bruk av avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Nødvendig utbetring av avkjørsle treng eige løyve frå byggesak etter plan og bygningslova.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart avkjørsle gbnr 196-79

Kopi til:

Driftsansvarleg kommunal veg

Mottakarar:
Karten Oma AS